

**Utval:** Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne  
**Møtestad:** Fylkesutvalsalen, 3. etasje, Fylkeshuset  
**Dato:** 22.08.2018  
**Tidspunkt:** 09:00-11:25

**Følgjande faste medlemmer møte:**

Namn	Funksjon	Representerer
Inge Fiskvik	Medlem	FFO
Kjell Søvik	Nestleiar	FFO
Harald Norheim	Medlem	SAFO
Kjell Gitton Håland	Leiar	A
May Eva Sandvik	Medlem	H
Nina Murberg	Medlem	FFO
Ingeborg Hordvik	Medlem	FL R/SV/SP/KRF

**Frå administrasjonen møte:**

Namn	Stilling
Hanne Alver Krum	SKYSS, leiar salgs- og markedsavdelinga
Ragnhild Aak Skajaa	Eigedomsavdelinga, seniorrådgjevar
Merethe Helland Nordnæs	Møtesekretær

## Sakliste

Utvals-saknr	Innhald	Arkiv-saknr	U.Off.
PS 22/18	Godkjenning av møteinnkalling		
PS 23/18	Godkjenning av sakliste		
PS 24/18	Godkjenning av møtebok forrige møte		
PS 25/18	Referatsak (meldingar)		
RS 19/18	Møtereferat frå RMNF-AU den 07.08.2018	2017/485	
RS 20/18	Korleis har ungdommane i Hordaland det?	2018/11854	
RS 21/18	Spørsmål om tannhelsetjenesten	2018/12062	
RS 22/18	Svar på interpellasjon frå Alexander Fosse Andersen	2014/19439	
RS 23/18	Høyring om tilbodet til barn og unge med særskilte behov	2018/12522	
RS 24/18	Parkering for forflytningshemmede ved fylkeshuset. - Svar fra Bymiljøetaten	2017/485	
RS 25/18	Transportordninga for funksjonshemma - svar frå Samferdselsdepartementet angående søknad om utvida midlar	2017/485	
PS 26/18	Ymse		
PS 27/18	Møteplan for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne for året 2019	2017/485	

### **PS 22/18 Godkjenning av møteinnkalling**

#### **Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 22.08.2018**

Ingeborg Hordvik (R) bemerka at ho ikkje hadde fått innkalling til dette møtet.

#### **Vedtak**

Møteinnkallinga vart godkjent med merknaden ovanfor.

### **PS 23/18 Godkjenning av sakliste**

#### **Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 22.08.2018**

#### **Vedtak**

Sakslista vart godkjent utan merknader.

### **PS 24/18 Godkjenning av møtebok forrige møte**

#### **Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 22.08.2018**

#### **Vedtak**

Møteprotokoll frå møte den 23.05.2018 vart godkjent utan merknader.

## **PS 25/18 Referatsak (meldingar)**

### **Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 22.08.2018**

Referatsakene RS 19-25/18 vart refererte.

## **PS 26/18 Ymse**

### **Saksprotokoll i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 22.08.2018**

#### **Orienteringar:**

SKYSS: 1: Ny sonestruktur – erfaringar etter dei første vekene.

2: Kva meiner SKYSS er viktig i deira ansvarsområde ?

Noko SKYSS ønskjer å informere eller drøfte med RMNF ?

Eigedomsavdelinga: Fylkeskommunen sin status med omsyn til universell utforming av fylkeskommunen sine bygg og anlegg – ei løypemelding.

**Utvalsleiar** orienterte kort om invitasjon til seminaret «Inkluderende idrettsliv» fredag den 07.08.2018. Medlemmane vart oppfordra til å melde seg på seminaret.

**Utvalsleiar** minna og om Landskonferansen på Hamar den 13. og 14.09.2018 for fylkeskommunale råd for likestilling for funksjonshemma. Kjell Håland, Kjell Søvik, Harald Norheim og Inge Fiskvik deltar.

**Kjell Håland (A)** sette fram slikt oversendingsforslag til fylkesrådmannen:

«Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne viser til fylkeskommunen sin vedtekte plan om individuell utforming av fylkeskommunale bygg – der målet er at alle bygg og anlegg skal vere universelt utforma innan 2019.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ber fylkesrådmannen/eigedomsavdelinga om ei politisk sak i 2019 om status på arbeidet med universell utforming.»

#### **Røysting**

Håland sitt forslag vart samrøystes vedteke oversendt utan realitetsbehandling.

I samband med RS 20/18 «Korleis har ungdommane i Hordaland det ?» bad **May Eva Sandvik (H)** om at det gjeve ei orientering frå Regionalavdelinga om rapporten, på neste møte i rådet for menneske med nedsett funksjonsevne den 31.10.2018.

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne ønskjer ei orientering frå eigedomsavdelinga angående nytt fylkesbygg, herunder universell utforming av det nye fylkesbygget.

## **PS 27/18 Møteplan for Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne for året 2019**

#### **Forslag til vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek forslag til møteplan for året 2019 for rådet sine møter og arbeidsutvalsmøter slik den ligg føre.

### **Saksprotokoll i Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne - 22.08.2018**

Fylkesrådmannen sitt forslag vart samrøystes vedteke.

## **Vedtak**

Rådet for menneske med nedsett funksjonsevne vedtek forslag til møteplan for året 2019 for rådet sine møter og arbeidsutvalsmøter slik den ligg føre.